

Fjellheimen Villreinutval

Stølsheimen Villreivald

Til

NVE v/Konsesjonsavdelinga

Majorstua, 0301 Oslo

Høyringsuttale

gjeldande : Fleire søkarar- søknader om løyve til å bygge sju småkraftverk i Voss Kommune, Hordaland

Uttalen gjeld dei fire kraftverka planlagde i Teigdalen. Fjellheimen Villreinområde har tre hovudstammer av villrein. Her kan ein kome i berøring med to av desse. "Kringdalsflokken" har tilhald hovudsakleg vest for vegen over Nesheimsfjellet, medan "Volaflokken" er på austsida.

Areal over 700 meter vert rekna som villreinareal. Dei planlagde kraftverka har alle inntak under denne høgdekvoten, men prosjektet Tverrelvi har planlagt inntak på kvote 690. Dette vert då inn i det ein kallar randsona til villreinområde, og krev at det vert teke omsyn til villreinen.

Det er kjent at Volaflokken har hatt kalvingsstad øvst i Bjørndalen, i området kring fronten av Kvitanosi. Rundt kalvinga er reinen særleg sårbar for menneskeleg aktivitet og uroing.

Me ser det som positivt at det vert laga veglause inntak i to av prosjekta. Dei to andre er i tilknytning til eksisterande vegar og vil slik ikkje skape endringar for reinen. Det vil altså vera under anleggsperioden det kan oppstå konflikter med villreininteressar. Det som i størst grad vil råka reinen er auka fly-aktivitet i områda.

Oppsummering

Korkje Villreinutvalet eller valdet har motsegner mot planane. Men ber om at utbyggjar viser hensyn til reinen i anleggsperioden. Flyging bør ikkje skje kring kalvingstida, 15. april til 15. juni.

Venleg helsing

Hildegunn Mugås

Sekretær, Fjellheimen Villreinutval

Leiar, Stølsheimen Villreivald